

KVINNER OG CUPCAKES

AV ASTRID GROV

– Feminismen blir ståande utan innhald om alle val kvinner tek, blir rekna for like gode, seier Toril Moi. Ho meiner det er viktig å analysere trendar blant kvinner – trendar som kan vere til hinder for reell likestilling.



Eg er ikkje i tvil om at dette moderskapsmaset er ein ideologi som trugar likeverdet mellom kjønna, for ei fri kvinne må jo ha fridom til å velje eit liv utan ungar utan å bli sett rart på av den grunn.

NOREG ER PÅ LIKESTILLINGSTOPPEN i verda, og norske feministar har vunne skanse etter skanse dei siste tiåra. Likevel har debattantane framleis ikkje pakka saman, og nye frontar dominerer podiet. Må me bruke rettane formødrene våre kjempa fram, eller er reell valfridom for kvinner det heilage målet? Sviktar kvinner medsystrane sine om dei frivillig går inn i den polerte heimesfæren? Vi inviterte Toril Moi (f. 1953) til å ta temperaturen på kvinnekampen i Noreg.

Moi er den fremste norske kjennaren av den franske filosofen og feministen Simone de Beauvoir, og ein høgt respektert litteraturprofessor ved Duke University i North Carolina i USA. Fleire av verka hennar, m.a. *Hva er en kvinne?* og *Jeg er en kvinne* har vore pensum innanfor mange fagfelt på universitet verda over. Engasjementet for feministisk tenking og kampen for at kvinner skal vere «frie individ» på linje med menn, har alltid vore mellom dei fremste akademiske interessene hennar. Ho er ofte på besøk i gamlelandet, og observerer såleis det norske samfunnet både utanfrå og innanfrå på same tid.

– *Korleis vil du seie at vilkåra for norske kvinner er i 2012?*

– På fleire måtar er Noreg er eit førebilete når det gjeld likestilling. Kvinner tek del i mange viktige samfunnsfunksjonar på linje med menn. Som eit døme vil eg trekkje fram at det har vore svært mange kvinnelege aktørar i retten under 22. juli-rettssaka. I andre land ville menn vore i fleirtal i ei terrorsak som dette, medan det heller er eit kvinnefleirtal blant juristane i til dømes skilsmisjesaker. Her i landet er det òg svært gode ordningar som gjer det enkelt for kvinner å kombinere morsrolla med arbeidslivet. Det er flott. Men alt er ikkje berre idyll her heller.

– *Du har tidlegare sagt at det finst minst eitt stort skjer i den idylliske norske feministsjøen, det du har kalla «moderskapsmas». Kan du utdjupe dette?*

– Eg meiner at dette maset om å få ungar verkeleg er ei fascinerande og påfallande side ved det norske samfunnet. I Noreg ver-

kar det som om det er noko rart med kvinner om dei ikkje ønskjer å få born, i større grad enn eg ser i mange andre land. Det gjeld både heteroseksuelle og lesbiske kvinner. På mange måtar blir feminitet knytt opp mot nettopp ønsket om å bli mor. Eg er ikkje i tvil om at dette moderskapsmaset er ein ideologi som trugar likeverdet mellom kjønna, for ei fri kvinne må jo ha fridom til å velje eit liv utan ungar utan å bli sett rart på av den grunn. Det å prioritere karrieren eller krevjande fritidsaktivitetar bør vere lov utan å få stempelen som «kald karrierekvinne».

– *Men det er jo formeiringa som driv verda vidare. Trur du ikkje ønsket om å formeire seg er universelt?*

– Nei, eg trur i grunnen ikkje det. Altså, eg trur behovet for å ha sex er ganske grunnleggjande hjå oss, og før prevensjonen kom, førte jo det ofte til graviditet. Eg ser likevel ikkje nokon grunn til at seksuelle instinkt skulle henge saman med lyst til å få born. Dessutan er det forskjell på det naturlege og det gode. Alt som er naturleg, er ikkje nødvendigvis ønskeleg. Eg trur somme synest det er fantastisk koseleg å ha ungar, medan andre ikkje synest det, og det gjeld blant både menn og kvinner. Eg ser heller ikkje relevansen i det mykje brukte argumentet om at det norske samfunnet er så avhengig av at kvinner føder fleire born for å handtere den såkalla eldrebølgja. Det er då meir enn nok folk i verda som det er. Befolkningseksplasjonen er jo eit stort og omfattande problem i seg sjølv. Det kan ikkje vere så vanskeleg å leige inn arbeidskraft for å ta unna for eldrebølgja her i landet, som trass alt berre varer ein periode.

– *Kva med faderskapsmaset? Finst ikkje det?*

– Generelt har vel menn same ansvaret som kvinner for barna her i landet. Men mannsrolla i Noreg har ikkje innskjerpa kravet om å vere far. Det finst nok eit slags «faderskapsmas», men det er ikkje på langt nær så intenst som «moderskapsmaset».

– *Korleis kan ein forklare moderskapsmaset historisk? Kvifor skulle norske kvinner vere meir pressa til å bli mødrer enn medsystrane våre i andre land?*

– Det er ikkje så lett å svare enkelt på det spørsmålet, men eg har nok inntrykk av at familien som institusjon alltid har stått særleg sterkt i Noreg. Det norske samfunnet har vore prega av ein slag familie- og heimesyselideologi som ein kan sjå i samband med moderskapsmaset. Noreg er jo til dømes på verdstoppen i oppussing, og det kan ofte synast som om det å stulle og stelle i heimen er eit stort mål for alle vaksne menneske. Nytt Norsk Tidsskrift hadde ein artikkel om urbane par som brukar all fritid på å bere stein og tømmer. Ein kan lett få inntrykk av at dei fleste norske par driv med på fritida, er å leggje fliser på badet og bygge hytte. Då eg arbeidde på universitetet i Bergen på slutten av 80-talet, vart eg overraska over at alle gjekk heim frå jobben i 3–4-tida, for då skulle dei vere heime og tilbringe resten av kvelden med familien. Det var eg ikkje van med frå utlandet. Dei einaste som var igjen for å ta del i den sosiale fellesskapen, var dei unge utan familie. Innanfor ein slik familieideologi er det ikkje vanskeleg å forstå at moderskapsmas lett kan slå rot.

– Eit av dei siste hindra mot full likestilling står framleis: Dei aller fleste norske kvinner tek etternamnet til mannen ved giftermålet?

– Det er ei stor gåte for meg, eg fattar det rett og slett ikkje. Eg lurar verkeleg på kva som motiverer moderne kvinner til å ta etternamnet til mannen. Er det den romantiske idéen om at eit par smeltar saman til ei større eining? Som i praksis betyr at det er kvinna som går opp i mannens eining? Heile tanken bak denne skikken var jo at kvinna blei definert som kone og mor og ikkje som eit sjølvstendig individ på linje med mannen. Namneskikken er ei symbolsk leivning av noko veldig kvinneundertrykkande, som eg framleis lurar på kvifor dei fleste kvinner ønskjer å ta del i. Når det er sagt, er ikkje dette eit fenomen berre i Noreg. Eg har sjølv kjent doktorgradskandidatar ved Duke som skifta namn, for så å skifte tilbake når dei skilde seg tre år seinare. Då oppdaga dei òg den upraktiske sida ved det heile ...

HOBBYAR VERSUS FEMINISME

Dei siste åra har likestillingsdebatten i Noreg i stor grad blitt knytt opp mot det som i utgangspunktet er fritidsinteresser hjå mange kvinner. Media skriv stadig om at tradisjonelle husmorsyslar, som å kunne syne fram ein perfekt styla heim, oppkledd uengar og mat laga frå botnen, igjen er mote hjå moderne kvinner. Desse verdiane står i skarp kontrast til dei verdiane feministar på 70-talet arbeidde for. Dei nyvunne hobbyane, med til dømes barbiekaker, heimestrikka genserar og andre «lag det sjølv»-prosjekt i lange baner, blir synte fram for andre kvinner både i vekeblad og i dagbokform på nettblogger.

Journalist og forfattar Marta Breen brukte i vinter dei populære amerikanske småkakene, såkalla cupcakes, som eit symbol for fenomenet i ein kritisk artikkel i tidsskriftet Prosa. «Flørtinga med ideal frå fortida er eit trugsmål mot likestillinga,» meiner Breen og andre med henne. «Uskuldig jentemoro,» parerer motparten.

– Noreg er det aller mest likestilte landet i verda, og kvinner har i stor grad dei same sjansane til karriere som menn. Blir likestilling verkeleg truga av litt uskuldig baking og heimestyling?

– Cupcakesbaking og anna husmorsysling har i og for seg ikkje noko med feminisme å gjere i det heile, i den forstand at det verken er eit feministisk eller anti-feministisk val å ha slike hobbyar. Dersom ein har lyst til det, må ein jo gjerne bake og strikke og stelle og stulle så mykje ein vil, det er ikkje noko andre har noko med. Såleis er det ikkje meir relevant for samfunnsdebatten at somme kvinner likar å bake enn at eg likar å drive med yoga. Problemet oppstår når valet framstår som *normativt*, altså som eit ideal andre kvinner oppfattar dei må strebe etter å nå. På den måten kan det føre til at kvinner meiner dei må gå ned i stilling for å oppfylle eit moteideal på heimebane. Det kan innebære ei innsnevring av kvinners fridom. Vi bør altså ikkje på nokon måte setje likskapsteikn mellom desse aktivitetane og det «å vere kvinneleg».

Då eg arbeidde på universitetet i Bergen på slutten av 80-talet, vart eg overraska over at alle gjekk heim frå jobben i 3–4-tida, for då skulle dei vere heime og tilbringe resten av kvelden med familien.

I det postmoderne samfunnet vårt er kravet til perfeksjon på alle område stort for både kjønn. Denne husstellmoten bidrar til presset og stresset.

– Men bør ikkje kvinner sjølve ta ansvar for vala dei tek i så måte, utan å bli kritiserte av andre kvinner som meiner dei vel feil?

– På ein måte kan ein seie at kvinner sjølve står ansvarlege for vala dei tek. Det er den eksistensielle sida av problemstillinga. Men alle samfunnsstrukturar har òg ei ideologisk side. Det er viktig at kvinner blir gjorde merksame på ideologiske trendar i samfunnet og kva konsekvensar vala dei tek, kan få. Eg vil likevel leggje til at det er viktig at frontane i kvinnekampen ikkje blir så fordommande som dei tidlegare har vore.

– Men korleis kan ein kritisere nokon for å ha ein hobby og fortelje om han på ein blogg? Dei har jo ikkje sagt eller meint at andre må leve som dei?

– Ein kan ikkje seie noko om kva som er intensjonen bak tekstar som blir gjorde offentleg tilgjengelege, til dømes bloggar som dyrkar tradisjonelle «husmorsyslar», men ein kan prøve å seie noko om effekten slike bloggar kan ha. Om ein meiner at effekten er normativ, må ein jo ha rett til å kritisere effekten. Fenomenet me snakkar om no, illustrerer at feministisk teori stadig er i utvikling. Tradisjonelt har kvinnekampen handla om reint formelle rettar, som å gje kvinner tilgjenge til skular og arbeidsliv på lik linje med menn. No har kvinner i Noreg tilgjenge til dei fleste arenaene på like linje med menn. Kvinner nyttar også i ganske stor grad desse sjansane. Men me ser jo no at det finst sterke strukturar som kan truge likeverdet mellom kjønn. For eksempel den store oppsvingen og merksemda matlaging og andre heimlege aktivitetar har fått. Slike strukturar kan vere vanskelege å påvise, men likevel viktige å diskutere og få fram i lyset.

– Kvifor er det viktig å problematisere hus- og heim-trenden?

– La meg først seie at eg ikkje meiner at dette er det viktigaste problemet i verda. Men likevel er det viktig å diskutere nye trendar og ideologiar som har med kvinner å gjere. I det postmoderne samfunnet vårt er kravet til perfeksjon på alle område stort

for både kjønn. Denne husstellmoten bidrar til presset og stresset. For nokre år sidan vart det gjort ei undersøking ved Duke, der kvinnelege studentar skulle svare på kva dei opplevde som mest tyngjande i kvardagen. Dei fleste svara at det var kravet til «effortless perfection», altså å vere perfekt på alle måtar, både i studiet og på fritida, utan at det skulle synast at dei faktisk arbeidde hardt for å få det til. Eg trur svara deira seier noko viktig om samfunnet me lever i, for no til dags er det store krav til å «meistre alt». Det moderne heilt uopnåelege kroppsidealet for kvinner er jo eit tema som alt har vore mykje debattert, men eg opplever dette som mykje sterkare no enn for nokre tiår sidan. Såleis kan krava om å fylle kvinnerolla med slanking, ungar og heimelaga mat fort bli så tyngjande, og så sjølvmotseiande, at dei skaper store konflikhtar for kvinner, men ikkje for menn. Det styrkjer ikkje likestillinga.

– Men menneske er jo frie individ, så om somme kvinner vel å bruke tid på heim og ungar ein periode, er det vel eigentleg deira val. Er det ikkje anti-feministisk å kritisere vala andre kvinner tek, slik somme kvinner har meint i den norske debatten?

– Nei, absolutt ikkje. Målet til feminismen er fridom, likskap og rettferd for kvinner. Såleis er det opplagt at somme val tener feminismen dårlegare enn andre. Dersom feminisme skulle innebere at alle val kvinner tek, er like gode, og mottoet skulle vere å «heie på kvinner uansett», blir feminismen ståande utan innhald. Sjølv om somme påstår at stripping og prostitusjon er personlege val, ville full sosial aksept for slike syslar like fullt undergrave likestillinga mellom kjønn. Det er urimeleg å kritisere dei som peikar på at populariteten til husmorsysling kan ha problematiske sider, for å «kritisere andre kvinner». Kravet om respekt må gjelde både partar, det blir skummelt dersom ein skal prøve å kneble den offentlege debatten.

– I det siste har me høyr argument som at «institusjonaliseringa» av born i barnehagar fører til plager seinare i livet, som ADHD og

psykiske vanskar. Stadig fortel media at studiar viser at dei minste borna har for lange dagar i barnehagen. Kan det ikkje vere noko i dette?

– Argumenta om at det ikkje er bra for ungar å gå i barnehage, møtte me også på 1970-talet då barnehagane byrja å innta samfunnet for alvor. Det er òg viktig å hugse på at omsorgsordningane for norske ungar er langt betre enn i dei aller fleste andre land, der arbeidsdagane både er lengre og barnehagane færre. I USA er det knapt snakk om betalt permisjon i det heile. Diagnoser har dessutan alltid gått i bølger. Gjenom tidene har me jo sett korleis til dømes melankoli har vore ein slag kulturell motediagnose, medan det same har skjedd med ADHD dei siste åra. Eg ser nok ikkje den store lenkja mellom at mange ungar blir diagnostiserte med ADHD, og det at norske ungar går i barnehage om dagane. Unge vaksne nordmenn har i stor grad gått i barnehage, og me har vel ikkje prov på at det har gått så frykteleg gale?

MILLIONAR AV MÅTAR Å VERE EI GOD MOR PÅ

– I debatten om kva rolle desse «nye» hobbyane eigentleg spelar, blir det ofte peika på at dei kan skape eit slag press om å jobbe deltid. Sett at dei gjer det; kvifor er det eit problem at ein del kvinner vel å jobbe deltid?

– Eit av dei historisk viktigaste feministiske måla har vore at kvinner skulle vere økonomisk uavhengige av menn. Deltidsjobbing trugar rett og slett denne uavhengigheita. Dersom ein hadde vore sikker på at ekteskapet vara livet ut, hadde det jo vore så si sak. Men statistikken er krystallklar; svært mange opplever å bli skilde. I tillegg har ofte den økonomiske makta i eit forhold konsekvensar for maktfordelinga på andre område òg. Det er urovekjande at mange kvinner stadig arbeider deltid. Dei bør verkeleg tenkje over konsekvensane dette kan få. Mykje deltidsgjevarar kan dessutan skape ei forventning hjå arbeidsgjevarar om at «kvinner helst vil jobbe deltid». Det kan fort bli ein vond sirkel som gjer det vanskeleg for alle kvinner



som ønskjer å arbeide heiltid. Det er viktig å diskutere grunnane til at kvinner tilsynelatande frivillig gjev frå seg økonomisk makt til mannen.

Ei slik dyrking av heimesyslar skaper dessutan fort ei forventning om at kvinner skal elske morsrolla, og at det er noko gale med dei om dei ikkje gjer det. Det må vere heilt normalt og legitimt for kvinner å seie at dei gledde seg til å gå tilbake på jobb når permisjonen var over, og at dei eigentleg ikkje har særleg lyst til å vere saman med barnet døgnet rundt. Morsrolla bør ikkje snevrast inn til kor mykje tid ein brukar på borna, og kor mange cupcakes ein bakar saman med dei, for det finst millionar av måtar å vere ei god mor på.

HUSMORSYSLAR: – Baking og strikking er ikkje antifeministisk i seg sjølv, men farleg når det framstår som noko alle kvinner burde halde på med, seier Toril Moi. Foto: Simen Øvergaard.

Morsrolla bør ikkje snevrast inn til kor mykje tid ein brukar på borna, og kor mange cupcakes ein bakar saman med dei, for det finst millionar av måtar å vere ei god mor på.

– Men kvifor interesserer kvinner i det mest likestilte landet i verda seg for å vere husmødrer igjen?

– Nei, sei det, det blir berre spekulasjonar frå mi side. Formødrene våre hadde ikkje noko anna val enn å strikke og bake, men det er jo ikkje det som driv oss. Me kan velje å seie at «den greia der, det er ikkje noko for meg». Når kvinner likevel vel å drive med desse fritidsaktivitetane som få menn gjer, lurar eg på om det ligg bak eit ønske om å «feminisere» seg sjølv. Kanskje handlar det om at ein ikkje er nøgd med arbeidslivet, at dei meiner kjønnsrollene har blitt for like. Kanskje mange opplever samlivet som meir «spennande» når kvinna og mannen har meir delte roller? For meg høyrer heile greia eigentleg ut som ein slag luksusting, du har tid og råd til å gå ned i løn for å bruke meir tid på hobbyar i heimen. Kor mange familiar kan miste mykje av den eine inntekta utan at det får konsekvensar for familieøkonomien?

– Mange argumenterer med at det ikkje nødvendigvis er rettare og viktigare å vere i full jobb enn å ta vare på hus og heim. Er ikkje det eit poeng?

– Ein må spørje seg kva som er viktigast her i verda. Er det viktigast å stelle i heimen, eller er det viktigare å fylle ein viktig samfunnsfunksjon i arbeidslivet? Det kan jo vere at Noreg er blitt eit så rikt land at ein ikkje treng å tenkje på det lenger, men i utgangspunktet må det vere eit relevant spørsmål. Dei fleste samfunn vil ha nytte av å ha så mange menneske i arbeid som råd. Ein hobby er noko ein driv med på fritida som er reint personleg, og har såleis ein annan funksjon enn eit yrke. Eg synest iallfall ikkje norske kvinner har grunn til å forvente at staten skal stille opp økonomisk når dei ønskjer å gå heime utover permisjonen.

– Men det er jo lett for kvinner med fleksible jobbar dei interesserer seg for, å setje seg til doms over andre kvinner med meir rutineprega og utmattande jobbar. Har ikkje dette eigentleg ei klasseside òg?

– Eg kan godt forstå at det er freistande å gå ned i stilling dersom ein har ein dårleg

og slitsam jobb, eller dersom ein rett og slett ikkje likar jobben sin. Då vil ein jo kanskje heller bruke tida si på eit område ein styrer over sjølv. Eg trur det er ein stor del av forklaringa på kvifor mange kvinner vel å arbeide deltid og dyrkar born og heim i staden. Simone de Beauvoir forstod òg i si tid godt at kvinner frå arbeidarklassen i Frankrike heller ville gå heime enn å arbeide lange dagar på fabrikk, så me må ikkje underslå det aspektet.

Yrke der kvinner er i fleirtal, har dessutan alltid vore dårlegare betalt enn andre. Eg har òg inntrykk av at arbeidsmarknaden i Noreg er meir kjønnssegregert enn i andre land, noko eg har lurt på årsaka til. Såleis kan det vere at det er ei ekstra framståande problemstilling her. At det er eit problem for likestillinga, er det uansett ingen tvil om.

– Men menn har jo akkurat det same spekteret av engasjerande og mindre engasjerande jobbar. Er kvinner berre late, då, sidan ein del kvinner vel å jobbe redusert, medan menn sjeldan gjer det?

– Det er eit godt spørsmål, men eg trur ikkje det er så enkelt som du framstiller det. Tanken om at menn skal kunne forsørge ein familie, står framleis veldig sterkt som ideologi, og tradisjonelt har jo huset og heimen vore kvinner sitt område. Eg trur det er ein stor del av forklaringa på at det blir oppfatta som lettare for kvinner å gå ned i stilling for å bruke meir tid i heimen. Dersom menn gjer det same, blir det i større grad stilt spørsmål ved om han er ein «ekte» mann. Ordningar som pappaperm er eit svært positivt bidrag for å jamne ut kjønnskilnadene, men forventningane til kjønnsrollene er nok så absolutt der.

MODERNE SØKJELYS PÅ BARN

– Mange har peika på at det er eit stort press for å vere ikkje berre ei god mor, men gode foreldre, i Noreg i dag. Korleis ser du på det?

– Dette ekstreme søkjelyset på små born kjenner eg faktisk att frå både England og USA. I middelklassen i USA ser ein i dag eit stort utstyr- og merksemdsfokus, og barnet

og foreldrerolla blir dermed både frykteleg tidkrevjande og dyr. Mellom anna har eg lagt merke til eit krav om at foreldre skal loggføre kvar minst nye matrett babyane får i seg, slik at dei kan finne ut om dei er allergiske mot noko. Slik får ein jo knapt tid til noko anna enn ungen.

Eg trur ein del av forklaringa ligg i ein endra samfunnsstruktur. I våre dagar får me færre born enn tidlegare, gjerne seint i livet og dei er svært etterlengta. Dermed blir borna i større grad eit profesjonelt prosjekt. Før kom gjerne ungane tettare og meir som ein uunngåeleg konsekvens av sex, og på den måten vart dei i mindre grad eit eige livsprosjekt, men meir noko venta og såleis ein naturleg del av tilværet. Når dette moderne barneprosjektet fyrst får fotfeste i ein generasjon, spreier det seg òg fort til dei som i utgangspunktet ikkje hadde tenkt på foreldrerolla slik. Å skulle kombinere eit slikt foreldreideal med full jobb kan eg godt forstå kan kjennast ganske håplaut.

– Mange seier at dei arbeider deltid for barnas skuld?

– Ein skal vere forsiktig med å presentere eit personleg val, til dømes valet om å arbeide deltid, som noko ein gjer «for barnet». Då handlar ein i «vond tru», som Simone de Beauvoir kallar det; ein nektar for å ha ein fridom ein eigentleg har, slik at ein slepp å stå til ansvar for eit personleg val. Val er politiske i den forstand at det går an å undergrave likestillinga sjølv om det ikkje var meininga. Eg trur rett og slett ikkje det er nokon tydeleg samanheng mellom det å arbeide deltid og kva som er best for ungar. Men forventningane om at foreldre av begge kjønn i dag skal vie det meste av tida til ungane, er ein del av tidsanda.

– Dei siste åra har kjønnsdebatten igjen handla om biologi kontra miljø. Trur du det finst eigenskapar som er medfødde kvinnelege?

– Nei, det trur eg ikkje. Den tanken har eg avvist mange gonger før, og den avvisinga står framleis fast. Kva som blir sett på som kvinneleg, varierer så mellom kulturane, at eg har ikkje noka tru på at det er noko

kvinneleg som ein kan sjå uavhengig av kultur. Som me har snakka mykje om tidlegare i intervjuet, meiner eg kvinnelegheit i stor grad blir assosiert med lysta til å få barn her i landet. I til dømes Frankrike er det annleis. Sjå korleis parisiske kvinner får opplæring i klede og sminke, og korleis dei skal te seg for å vere kvinnelege ut frå fransk kulturmonster alt frå dei er veldig små. Du og eg kjem jo heilt til kort dersom me skulle prøve å gjere som dei. I andre kulturar kan det vere evna til å bere tunge vasskrukker som blir symbolet på feminitet. Så nei, tanken om at me blir fødte kvinner i den forstand, altså slik kvinnelegheit kulturelt kjem til uttrykk, har eg inga tru på. Eg trur derimot at det å gå rundt i verda i ein kvinnekropp heller enn i ein mannskropp har store konsekvensar. Det er det Beauvoir meiner når ho kallar kroppen ein situasjon.

– No har me vore inne på fleire tema som kan vere større og mindre hinder for likeverdet mellom kjønna akkurat no. Kva meiner du bør gjerast reint politisk for å demme opp mot kjønnskilnadene?

– Fyrst og fremst er det viktig at alle kvinner som ønskjer å jobbe full jobb, får det. I tillegg er det viktig å gjere kvinner merksame på kva for konsekvensane det å jobbe redusert har. Til slutt treng kvinner tydelegvis stadig ei oppmoding om å praktisere talenta sine utanfor den heimlege sfæren.

Eg trur derimot at det å gå rundt i verda i ein kvinnekropp heller enn i ein mannskropp har store konsekvensar. Det er det Beauvoir meiner når ho kallar kroppen ein situasjon.